

MØTEPROTOKOLL

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtedato: 26.06.2007
Stad: Kommunestyresalen

Handsama saker: Frå nr. 61 - 61

Frå kl. 09:00 til kl. 17:45

Innkalte:

Funksjon	Navn	Forfall	Møtt for
Leiar	Knut Haug		
Nestleiar	Olav Lappegard		
Medlem	Magny Reinton Folkedal	FO	
Medlem	Eilif Gundersen	FO	
Medlem	Anne Kjersti Frøyen	FO	
Medlem	Ole Tom Nord	FO	Helge Olav Uhlen
Medlem	Tor Veslegard		
Varamedlem	Inger Karin Bøygard		Magny Reinton Folkedal
Varamedlem	Halvor Brattgard		Anne Kjersti Frøyen
Varamedlem	Ingeborg E K Frydenlund		Eilif Gundersen
Varamedlem	Helge Olav Uhlen		Ole Tom Nord

Diverse merknader:

Synfaring i sak 50, 57 og 61. Knut Haug gjekk frå som ugild under handsaming av sak 47, 54 og 61. I hans stad møtte Morten Bogstad. Frå administrasjonen møtte Marit Nerol (sak 48, 49, 50 og 60), Jan Petter Vad (synfaringa i sak 57 og 61), Trond-Erik Buttingsrud (sak 47 og 55) og Reidun Aaker heile møtet.

Knut Haug

Olav Lapegard

Inger Karin Bøygard

Ingeborg E K Frydenlund

Halvor Brattgard

Helge Olav Uhlen

Tor Veslegard

Møteprotokollen er sendt:

Medlemmene, 1. varamedlemmer, ordførar, rådmann, økonomiavdelinga, kommunelege I, 10.2 representant, medlemmene i kontrollutvalet, servicetorget, Ål bibliotek, Hallingdølen og Radio Hallingdal.

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
47/07	07/960	MELDINGAR TIL MØTE I STNR 26.06.07
48/07	06/1328	71/1 - UTSETJING AV BU- OG DRIVEPLIKT
49/07	06/686	49/2,4 SØKNAD OM UTSETJING AV BUPLIKTA OG VURDERING OM EIGEDOMMEN ER EIN ODELSEIGEDOM
50/07	05/1654	124/2 - KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON FOR FRÅDELING AV BUSTADTOMT TUNE NORDRE
51/07	07/313	92/6+17 - KLAGE PÅ DISPENSASJON TIL TILBYGG - STEIN ERIK HAGEN
52/07	07/299	8/7 - KLAGE PÅ AVSLAG OM STØRRE ANNEKS - HAGASTØLEN
53/07	07/943	22/290 - DISPENSASJON - TAKVINKEL, HYTTE NYSTØLSAMEIGA
54/07	07/771	§30 ENDRING AV DEL AV REGULERINGSPLAN FOR NILSEHOVDA
55/07	06/676	1. GONGS HANDSAMING AV REGULERINGSPLAN FOR BRØTMYRA
56/07	06/791	REGULERINGSPLAN FOR KLEIVI - 2. GONGS HANDSAMING
57/07	07/372	REGULERINGSPLAN FOR SKARSLIA HOTELL §30 HANDSAMING
58/07	07/931	REG PLAN FOR SUNDRE - § 30 HANDSAMING SUNDRETUNET, ETTERLID AS
59/07	03/1080	SØKNAD OM FORLENGA DRIFT AV MOTORSPORTBANE OPPSJØTIPPEN

60/07

06/431

GNR. 6/5 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ BUPLIKT

61/06

05/410

**REVIDERT PLAN FOR SLEKABERGET HYTTEFELT -
VOTNDALSÅSEN**

Saksnr. 47/07

MELDINGAR TIL MØTE I STNR 26.06.07

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Handsaming:

Administrasjonen orienterte om at det vert sett i gang regulering av kvartalet frå og med Byggmakker til Sundrehallplassen og om pågåande forhandlingar med Grøthe ang utbygging på Lensmannshaugen.

STNR ga signal om at det er mest ynskjeleg at Grøthe oppfyller sine krav til P-areal på eige tomt i samband med utbygging av næringsbygg i sentrum og at det er lite ynskjeleg med ei parkeringsløysing som resulterer i rygging over gangveg.

Administrasjonen orienterte om framdrift for reguleringsplan for Ål skisenter – flytting av veg.

Tor Veslegard stilte spørsmål om sin habilitet og vart samrøystes funne habil.

Knut Haug og Inger Karin Bøygard gjekk frå som ugilde under handsaming av saka.

Følgjande omforeine framlegg vart samrøystes vedteke:

STNR delegerer til administrasjonen å legge ut reguleringsplan for Ål skisenter – flytting av veg på høyring når planframlegget er i samsvar med brev frå Ål kommune datert 19.6.07.

Vedtak:

STNR delegerer til administrasjonen å legge ut reguleringsplan for Ål skisenter – flytting av veg på høyring når planframlegget er i samsvar med brev frå Ål kommune datert 19.6.07.

Saksnr. 48/07

71/1 - UTSETJING AV BU- OG DRIVEPLIKT

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i § 5 andre ledd i konsesjonslova 28 november 2003 nr. 98 går sektorutval for teknisk, næring og ressurs imot å gje Ståle Dybsjord utsetjing på oppstart av bu- og driveplikta på Håheim gnr. 71 bnr.1. Grunngeving for vedtaket er søkjar sin livssituasjon der særleg alderen på ungane tilseier at det ikkje blir lettare å flytte til Håheim seinare. Tilflyttingsfrist er 1.1.2008.

Handsaming:

Olav Lappegard stilte spørsmål om sin habilitet.

Olav Lappegard vart samrøystes funne habil i saka.

Rådmannens tilråding vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 49/07

49/2,4 SØKNAD OM UTSETJING AV BUPLIKTA OG VURDERING OM EIGEDOMMEN ER EIN ODELSEIGEDOM

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i odelsova § 27 a avslår sektorutval for teknisk, næring og ressurs Jan Hågård sin søknad om å få utsett buplikta på Nordre Bakke gnr. 49 bnr. 2,4 med 5 år. Grunngevinga for ynskjet om utsett buplikt er utfordringa med husvere i ein oppussingsperiode. Rådmannen meiner dette er ei utfordring som kan løysast ved å leige eit anna husvere den tida arbeidet på gamlestugu pågår. For at Jan Hågård og kona skal få rimeleg tid til å områ seg, blir frist for tilflytting til Ål sett til 1. juli 2008.

Handsaming:

Notat frå søkjar Jan Hågård datert 22.6.07 vart delt ut på møtet.

På bakgrunn av nye opplysningar frå søkjar, tilrådde rådmannen at frist for tilflytting til Ål vert sett til 1. september 2008 og frist for busetting på Bakke blir 1. januar 2010.

Rådmannens reviderte framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i odelsova § 27 a avslår sektorutval for teknisk, næring og ressurs Jan Hågård sin søknad om å få utsett buplikta på Nordre Bakke gnr. 49 bnr. 2,4 med 5 år. Grunngevinga for ynskjet om utsett buplikt er utfordringa med husvere i ein oppussingsperiode. Rådmannen meiner dette er ei utfordring som kan løysast ved å leige eit anna husvere den tida arbeidet på gamlestugu pågår. For at Jan Hågård og kona skal få rimeleg tid til å områ seg, blir frist for tilflytting til Ål sett til 1. september 2008. Frist for busetting på Bakke blir 1. januar 2010.

Saksnr. 50/07

124/2 - KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON FOR FRÅDELING AV BUSTADTOMT TUNE NORDRE

Rådmannen si innstilling:

1. STNR tek klaga frå Fylkesmannen til følgje og vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 20-6 å avslå søknaden om frådeling av omsøkt bustadtomt på nedsida av Thunevegen gnr 124 bnr 2. Grunngevinga for vedtaket er at fylkesinnstansen går imot dispensasjon og at det derfor ikkje føreligg overvekt av særlege grunnar i saka. STNR vil vera positiv til ei tomt på oppsida av Thunevegen, dersom plasseringa kjem i mindre konflikt med verdiane nedfelt i vedteken kommuneplan for Ål.
2. Med heimel i jordlova § 12 avslår Sektorutval for teknisk næring og ressurs søknad om å frådele ca 3,5 daa til bustadtomt på Thune Nordre gnr 124 bnr 2. Grunngevinga er at det ikkje er forsvarleg å frådele bustadtomta frå eigedommen då garden har avgrensa med dyrka mark for produksjon av 50-55 mjølkegeit. Å tillate frådeling kan og føre til driftsmessige ulemper når bustadtomta vert liggjande midt i beiteområde for

geit. Omsøkte bustadtomt ligg også i eit dokumentert samanhengande kulturlandskapsområde som har nasjonal verdi og er viktig å ta vare på.

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Olav Lappegard (SP) fekk ei røyst:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs utset saka og ber tiltakshavar utarbeide skisser av huset sett i samheng med dei øvrige kulturelementa i området. Intensjonen er at huset ikkje skal verta for dominerande i eit kulturlandskapsområde med nasjonal verdi, men gli inn i miljøet med rett bruk av materialer, form og farge.

Fleirtalet på 6 røysta for å handsame saka i dag.

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har i dag vore på ny synfaring saman med representant frå Buskerud fylkeskommune og fylkesmannen i Buskerud. STNR opprettheld sitt vedtak i sak 2/07 men vil presisera at STNR ynskjer at huset må tilpassast dei øvrige kulturelementa i området. Intensjonen er at huset ikkje skal verta for dominerande i eit kulturlandskapsområde med nasjonal verdi, men gli inn i miljøet med rett bruk av materialer, form og farge. Saka vert oversendt settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har i dag vore på ny synfaring saman med representant frå Buskerud fylkeskommune og fylkesmannen i Buskerud. STNR opprettheld sitt vedtak i sak 2/07 men vil presisera at STNR ynskjer at huset må tilpassast dei øvrige kulturelementa i området. Intensjonen er at huset ikkje skal verta for dominerande i eit kulturlandskapsområde med nasjonal verdi, men gli inn i miljøet med rett bruk av materialer, form og farge. Saka vert oversendt settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Saksnr. 51/07

92/6+17 - KLAGE PÅ DISPENSASJON TIL TILBYGG - STEIN ERIK HAGEN

Rådmannen si innstilling:

1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs opprettheld vedtaket i sak 38/07, 24.04.07, og rår til at klagen ikkje vert teken til følge. Grunngevinga er at klagen ikkje inneheld nye opplysningar i saka.
2. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i Forvaltningslova § 42 at vedtaket i sak 38/07 ikkje kan iverksetjast før klagen er avgjort. Grunngeving er at ein i dette snaufjellsområdet bør unngå terrenginngrep til klagen er avgjort.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 52/07

8/7 - KLAGE PÅ AVSLAG OM STØRRE ANNEKS - HAGASTØLEN

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs opprettheld vedtaket i sak DS 136/07, 24.05.07, og tek ikkje klagen til følgje. Grunngevinga er at klagen ikkje inneheld nye opplysningar som er vesentlege for utfallet av saka.

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) vart samrøystes vedteke:

I den grad omsøkte utviding av arealet på om lag 8 m2 av gamal bu på Hagastølane 8/7 kjem inn under pbl §20-6 gjev STNR i medhald av pbl §7 dispensasjon og godkjenner bygging av ny bu på 34 m2 som omsøkt. Grunngevinga er at dette er ei sær sars liten utviding av arealet til eksisterande bu, som er godkjent rive, og bruken av bua etter utvidinga vert ikkje endra. Dette er opprinneleg ein støleigedom.

STNR ser på utviding av bua slik at det er plass til do og vaskerom som naudsynte rom i hus for overnatting. Utvidinga vil heller ikkje føra til nokon miljø- eller samfunnsmessige skadeverknader.

Vedtak:

I den grad omsøkte utviding av arealet på om lag 8 m2 av gamal bu på Hagastølane 8/7 kjem inn under pbl §20-6 gjev STNR i medhald av pbl §7 dispensasjon og godkjenner bygging av ny bu på 34 m2 som omsøkt. Grunngevinga er at dette er ei sær sars liten utviding av arealet til eksisterande bu, som er godkjent rive, og bruken av bua etter utvidinga vert ikkje endra. Dette er opprinneleg ein støleigedom.

STNR ser på utviding av bua slik at det er plass til do og vaskerom som naudsynte rom i hus for overnatting. Utvidinga vil heller ikkje føra til nokon miljø- eller samfunnsmessige skadeverknader.

Saksnr. 53/07

22/290 - DISPENSASJON - TAKVINKEL, HYTTE NYSTØLSAMEIGA

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs dispenserer med heimel i plan- og bygningslova § 7 frå føresegnene om 30 grader takvinkel, slik at omsøkt hytte på 22/290 kan byggjast med 35 grader takvinkel. Som særleg grunnar legg ein vekt på at dei gamle føresegnene sa 35 grader, og at fleire hytter i området er bygde med større takvinkel enn 30 grader i samsvar med dei gamle føresegnene.

Kjem det mange slike førespurnader, ber STNR administrasjonen fremja sak om planendring attende til dei gamle føresegnene om takvinkel.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 verker frå vedtaket er motteke.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 54/07

§30 ENDRING AV DEL AV REGULERINGSPLAN FOR NILSEHOVDA

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs avslår med heimel i plan- og bygningsloven § 30 søknaden om oppstart av revidering av delar av reguleringsplan for Nilsehovda. Fortettingskvota for området er brukt opp, og planforslaget vil verte handsama som eit innspel ved rullering av kommuneplanen.

Handsaming:

Knut Haug gjekk frå som ugild. I hans stad møtte Morten Bogstad.

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 55/07

1. GONGS HANDSAMING AV REGULERINGSPLAN FOR BRØTMYRA

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningsloven §27-1 vedtak Sektorutval for teknisk, næring og ressurs å legge Reguleringsplan for masseuttak for Brøtmyra og Grønskadet, med tilhøyrande føresegnar ut til offentleg ettersyn, med følgjande endringar:

1. Uttaksplanen endrast slik at nytt terreng får eit stigningsforhold på maksimalt 1:2. Nye høgdekotar som er vist i uttaksplanen må endrast slik at dei er i tråd med eit stigningsforhold på 1:2.
2. I uttaksplanen er det lagt inn ein skjermingssone for område S2. Denne skjermingssona må inn på reguleringsplankartet.
3. Føresegnene supplerast med tidsavgrensingar på når det kan knusast masser i området. Det tillatast knusing av masser måndag til fredag frå kl. 07.00 til 19.00. Dette utifrå generelle omsyn til folk som ferdast i området.
4. Ber om at ein nyttar same namn på reguleringsplanen som på føresegnene og planomtala.

Når punkt 1-4 er endra og uttaksplan revidert i forhold til desse punkta, vert reguleringsplanen med uttaksplan sendt ut til offentleg ettersyn med ein uttalefrist på 5 veker.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samsrøystes vedteke.

REGULERINGSPLAN FOR KLEIVI - 2. GONGS HANDSAMING

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår at del av reguleringsplan for Kleivi næringspark som ligg i Ål kommune, med tilhørende føresegn, datert 18.07.06 vert godkjent med følgjande endringar:

Desse endringane skal gjerast i plankartet:

1. Arealet mellom byggjegransa – 30 m - og rv7 skal settast av som skjermbelte i industriområde
2. Formålsgrense for rv7 må utvidast slik at minimum 1,0 meter utanfor skråningsfot vert offentleg trafikkområde.
3. Det må teiknast inn frisisiktsoner i kryssa i samsvar med reglane.
4. Avkøyrslar vist med pil til området B1 må fjernast. Ny veg til B1 langs elva frå S1.
5. Avkøyrslar vist med pil til eigedom Odden må fjernast. Ny vegtilkomst frå S8.
6. Grense mellom Fr1 og F1/I5 vert endra slik at dam nr 2 frå vest og eit mindre område for avfallsbehandling vert med i området Fr1.
7. Friområde langs kanalen vert utvida til 12,5 meter. Veg V3 må gå på nordsida av S6 før den vert svinga inn i området.
8. Område F1 går ut og vert eit industri (I) område med same føreseng som alle andre industriområde, jf pkt 6 nedanfor.
9. Det må kontrollerast at avstand til kraftledningar er i tråd med reglane.
10. Det skal teiknast inn eit grønndrag i bekken som vert dele mellom I 9 og I10.

Desse endringane skal gjerast i føresegnene:

1. Nytt føresegn om rekkjefølgje for skjermbelte med krav om at det skal etablerast skjermende vegetasjon (parkmessig beplantning) før eigedomane kan utnyttast vidare.
2. Nye føresegn for B1. Alle eksisterande føresegn vert fjerna, nytt punkt om at dette er område for eksisterande bustad.
3. Nytt føresegn om gjennomføring av frisisiktzone på motsatt side av rv7. Denne må etablerast når ÅDT = 350 på veg V2.
4. Det må inn eit nytt føresegn med krav om fysisk stenging av vegen mellom S1 og V2 før området I8 – I11 vert teke i bruk.
5. Nytt føresegn: Når trafikken på veg V2 når ÅDT= 800 skal reguleringsplanen takast opp til ny vurdering og det skal gjennomførast ny trafikkanalyse før vidare utbygging kan tillatast.
6. Nytt føresegn som erstattar tredje kulepunkt under punkt 3.1:
 - Der tilhøva ligg til rette for det med omsyn til tilkomst, parkering osv kan kommunen tillate slik forretningsverksemd:
 - a) plasskrevjande varer (forretningar som forhandlar; bilar og motorkøyretøy, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer, sal frå planteskuler/hagesenter)
 - b) fabrikkutsal for eigenproduserte varer
 - c) annen forretningsverksemd inntil 500 m² for området totaltDaglegvarehandel skal ikkje etablerast i området.
7. Før vidare utbygging i område I5 og område for avfallsbehandling skal området Fr1 ryddast.
8. Nytt føresegn til område Fr1 om at eksisterande naust kan stå.

Endringane er å sjå på som mindre vesentleg.

Det mangler ennå kulturminneregistrering av området. Planen vert sendt kommunestyret til eigengodkjenning så snart kulturminneregistrering er utført.

Når plankart og føresegn er retta opp skal planen oversendast fylkesmannen sin miljøvernavdeling og Statens vegvesen for endeleg uttale. Om der ikkje kjem inn nye moment vert planen sendt kommunestyret for eigengodkjenning med følgjande:

Innstilling

I samsvar med § 27 i plan- og bygningsloven eigengodkjennar Ål kommunestyre del av reguleringsplan for Kleivi næringspark som ligg i Ål kommune med tilhøyrande føresegner, datert Sist endra etter vedtak i STNR den

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) fekk 6 røyster:
Saka vert utsett til augustmøtet.

Mindretalet på 1 (V) røysta for å handsame saka no.

Vedtak:

Saka vert utsett til augustmøtet.

Saksnr. 57/07

REGULERINGSPLAN FOR SKARSLIA HOTELL §30 HANDSAMING

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner med heimel i plan- og bygningslovas §30 søknad frå Skarsgård AS om å starte omregulering av Skarslia hotell under vilkår av at:

1. Utbyggingsavtale skal vere utarbeidd og underskreve av utbyggjar før 2. gongs handsaming av reguleringsplanen.
2. Utbyggingsavtala saman med rekkjefølgjeregjar i reguleringsplanen må vere klare og eintydige på mellom anna kva funksjonar som hotellbiten skal innehalde. Uttrykket renovering er for uklart og utbyggjar må avklare tydlegare i utbyggingsavtale og reguleringsføresegner kva det inneber.
3. Utbygginga vert inndelt i byggjesteg der det er eit krav at hotellet vert renoverert/opprusta og er i drift med eit minimum tal varme senger før dei 70% siste sjølveigar fritidseiningane vert tillate bygt ut.
4. Utbyggjar går inn i forpliktande samarbeid med Bergsjø BA.
5. Utbyggjar kostar sin del av naudsynt infrastrukturutbygging som følgje av utbygginga (t.d. vatn, kloakk, avkøyringar, andre fellesgode som løyper, stigar og andre opplevingstilbod)

Handsaming:

STNR var på synfaring og fekk ei orientering om reviderte utbyggingsplanar som no er på skissestadiet.

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs utset saka og ber om å få ein revidert søknad som er meir i samsvar med dei planane STNR fekk lagt fram på synfaringa i dag.

STNR ber kommunestyret drøfte om det kan opnast for bygging av leilighetsbygg i dette området jf . kapittel 3.7 punkt 9 i vedteken kommuneplan for Ål – langsiktige mål og retningslinjer.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs utset saka og ber om å få ein revidert søknad som er meir i samsvar med dei planane STNR fekk lagt fram på synfaringa i dag.

STNR ber kommunestyret drøfte om det kan opnast for bygging av leilighetsbygg i dette området jf . kapittel 3.7 punkt 9 i vedteken kommuneplan for Ål – langsiktige mål og retningslinjer.

Saksnr. 58/07**REG PLAN FOR SUNDRE - § 30 HANDSAMING SUNDRETUNET, ETTERLID AS****Rådmannen si innstilling:**

1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) godkjenner med heimel i plan og bygningslovas § 30 søknad frå Etterlid as om å starte omregulering av BFK 13, O2, F8 og del av vegen Sundrejordet i reguleringsplan for Sundre på vilkår av at
 - a) Bygg vert estetisk tilpassa eksisterande bygningsmasse med same materialval i utvendig fasade og tak
 - b) Søre del av tomta (påbygg til vegkroa dvs del av byggesteg II i søknad) vert regulert til turistføremål (vegkro/overnatting)
 - c) På nedre nivå (austover dvs byggjesteg III i søknaden) skal det vera kontor/lager/parkering. Det skal vera forretning på gateplan mot Myren i nye byggjesteg, medan etasjane over kan nyttast til kontor/bustad
 - d) Krav om grønt tak/uteområde på taket over evt nytt felles inngangsparti for eksisterande vegkro og butikklokale
 - e) Krav til materialbruk for utomhus fellesareal
 - f) Utbyggingsavtale vert underskreve av utbyggjar før 2. gongs handsaming av reguleringsplanen
2. Administrasjonen vert oppmoda til å ta kontakt med potensiell utbyggjar av gondolbane for å få ein realistisk framdriftsplan for avklaring om austre del av tomta skal nyttast til gondolbane eller ikkje.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande endring:

Punkt c går ut og følgjande nytt punkt 3 vert teke inn:

3. STNR oppmodar utbyggjar til å laga ein målestokkriktig modell som syner korleis bygningskroppane vert utsjåande og lagt i terrenget.

Vedtak:

1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) godkjenner med heimel i plan og bygningslovas § 30 søknad frå Etterlid as om å starte omregulering av BFK 13, O2, F8 og del av vegen Sundrejordet i reguleringsplan for Sundre på vilkår av at
 - a. Bygg vert estetisk tilpassa eksisterande bygningsmasse med same materialval i utvendig fasade og tak
 - b. Søre del av tomta (påbygg til vegkroa dvs del av byggesteg II i søknad) vert regulert til turistføremål (vegkro/overnatting)
 - c. (går ut)
 - d. Krav om grønt tak/uteområde på taket over evt nytt felles inngangsparti for eksisterande vegkro og butikklokale
 - e. Krav til materialbruk for utomhus fellesareal
 - f. Utbyggingsavtale vert underskreve av utbyggjar før 2. gongs handsaming av reguleringsplanen
2. Administrasjonen vert oppmoda til å ta kontakt med potensiell utbyggjar av gondolbane for å få ein realistisk framdriftsplan for avklaring om austre del av tomta skal nyttast til gondolbane eller ikkje.
3. STNR oppmodar utbyggjar til å laga ein målestokkriktig modell som syner korleis bygningskroppane vert utsjåande og lagt i terrenget.

Saksnr. 59/07

SØKNAD OM FORLENGA DRIFT AV MOTORSPORTBANE OPPSJØTIPPEN

Rådmannen si innstilling:

1. STNR godkjenner med heimel i plan og bygningslovas § 7 mellombels dagens aktivitet på motorsportbanen på Oppsjøtippen utan utviding av området, dvs der treningstidene for motorsportaktivitet er avgrensa til 3 dagar i veka mellom kl. 17 og 20 på kvardagar og mellom kl. 11 og 16 på laurdagar. Grunngevinga er at arbeid med å finne alternativ plassering pågår.
2. Det skal til ei kvar tid ikkje køyrast meir enn 10 køyretøy opp til og med 500 ccm på banen samstundes, og total effektiv køyretid skal ikkje overstige 35 t pr veke.
3. I vekene 27, 28, 29 og 30 avgrensast treningstida til to kvardagar mellom kl 16 og 19.
4. Køyring med lågeffekt køyretøy, dvs motorcross til og med 66 ccm/ATV til og med 90 ccm, og teknisk køyring i låg fart kan fritt foregå innanfor treningstidene.
5. Utvida køyring i samband med kurs og arrangement skal godkjennast av kommunen.
6. Dispensasjonen frå kommunedelplanen for Sundre gjeld fram til 01.10.07
7. Forlenga mellombels drift av motorsportbanen skal ikkje hindre grunnarbeid i samband med opparbeiding av næringsareal i området jf pågåande reguleringsarbeid.

Handsaming:

Inger Karin Bøygard stilte spørsmål om sin habilitet.

STNR gjekk samrøystes inn for at Inger Karin Bøygard vart habil i saka.

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande endring:

Dispensasjonen gjeld fram til 31.12.07

Vedtak:

1. STNR godkjenner med heimel i plan og bygningslovas § 7 mellombels dagens aktivitet på motorsportbanen på Oppsjøtippen utan utviding av området, dvs der treningstidene for motorsportaktivitet er avgrensa til 3 dagar i veka mellom kl. 17 og 20 på kvardagar og mellom kl. 11 og 16 på laurdagar. Grunngevinga er at arbeid med å finne alternativ plassering pågår.
2. Det skal til ei kvar tid ikkje køyrast meir enn 10 køyretøy opp til og med 500 ccm på banen samstundes, og total effektiv køyretid skal ikkje overstige 35 t pr veke.
3. I vekene 27, 28, 29 og 30 avgrensast treningstida til to kvardagar mellom kl 16 og 19.
4. Køyting med lågeffekt køyretøy, dvs motorcross til og med 66 ccm/ATV til og med 90 ccm, og teknisk køyting i låg fart kan fritt foregå innanfor treningstidene.
5. Utvida køyting i samband med kurs og arrangement skal godkjennast av kommunen.
6. Dispensasjonen frå kommunedelplanen for Sundre gjeld fram til 31.12.07
7. Forlenga mellombels drift av motorsportbanen skal ikkje hindre grunnarbeid i samband med opparbeiding av næringsareal i området jf pågåande reguleringsarbeid.

Saksnr. 60/07**GNR. 6/5 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ BUPLIKT****Rådmannen si innstilling:**

Med heimel i § 27 a i odelslova godkjenner sektorutval for teknisk, næring og ressurs at eigar av Storedal gnr 6 bnr 5 kan oppfylle buplikta på ved bortleige til fastbuande i 5 år. Vilkår er at eigar held fram å bu der han bur i dag. Ved denne ordninga blir både drift av eigedommen og busetnadsomsynet godt ivareteke.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke, men med meir presisering av at det som er særkild i denne saka er at søkjar oppfyller buplikta ved bortleige og at han sjølv driv jorda og bur like i nærleiken.

Vedtak:

Med heimel i § 27 a i odelslova godkjenner sektorutval for teknisk, næring og ressurs at eigar av Storedal gnr 6 bnr 5 kan oppfylle buplikta på ved bortleige til fastbuande i 5 år. Vilkår er at eigar held fram å bu der han bur i dag. Ved denne ordninga blir både drift av eigedommen og busetnadsomsynet godt ivareteke. STNR legg vekt på at søkjar sjølv driv jorda og er busett like i nærleiken.

Saksnr. 61/06

REVIDERT PLAN FOR SLEKABERGET HYTTEFELT - VOTNDALSÅSEN

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) har vurdert forslag til revidering av reguleringsplan for Slekaberget hyttefelt, og føreteke synfaring i området. Med heimel i plan- og bygningslovas §30 avslår STNR ynskje om omregulering då omsøkt ny plassering av dei fire hyttetomtene i H6 i reguleringsplan for Slekaberget hyttefelt vil gi uheldig siluettverknad og soleis bryte med retningslinene til vedteken arealdel av kommuneplanen for Ål der det heiter: ” ...skal ikkje dominere landskapet i utmarksområde. Fritidshus skal ikkje plasserast slik at siluettverknaden vert broten.”

Handsaming:

Knut Haug gjekk frå som ugild. I hans stad møtte Morten Bogstad.

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

STNR oppmodar søkjar om å koma med ny søknad for justert plassering som betre tek omsyn til å unngå siluettverknad. STNR ser at det truleg er mogleg å legge to av tomtene i omsøkt område.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) har vurdert forslag til revidering av reguleringsplan for Slekaberget hyttefelt, og føreteke synfaring i området. Med heimel i plan- og bygningslovas §30 avslår STNR ynskje om omregulering då omsøkt ny plassering av dei fire hyttetomtene i H6 i reguleringsplan for Slekaberget hyttefelt vil gi uheldig siluettverknad og soleis bryte med retningslinene til vedteken arealdel av kommuneplanen for Ål der det heiter: ” ...skal ikkje dominere landskapet i utmarksområde. Fritidshus skal ikkje plasserast slik at siluettverknaden vert broten.”

STNR oppmodar søkjar om å koma med ny søknad for justert plassering som betre tek omsyn til å unngå siluettverknad. STNR ser at det truleg er mogleg å legge to av tomtene i omsøkt område.

Rett utskrift
Ål, den 27.06.07

Kari Hallingstad Medgard
Sekr.